



## Aukra kommune

### Reguleringsføresegner

Planmann:	Reguleringsplan Barnebo barnehage
Type plan:	Detaljregulering
Planid:	1547201501
Datert:	03.12.2015
Sist revidert:	18.01.2017 (endringar etter 2. høyring med raud skrift)
Vedtaksdato:	Vedteken i Kommunestyret xx.xx.xxxx under sak xx



Aukra – full av energi

## § 1 Føremål

Føremålet med planarbeidet er å:

- Sikre nødvendig areal til oppføring av eit nytt frittståande barnehagebygg med tilhøyrande leikeareal
- Etablere gang- og sykkelveg for å sikre trygg ferdsel for gåande og syklande.

## § 2 Generelt

### § 2.1 Planavgrensing

Desse reguleringsføreseggnene gjeld for det området som er vist på plankartet med planavgrensing. Innanfor disse grensene skal areala nyttast slik som arealføremåla på plankartet og føresegnene fastset.

### § 2.2 Terrenginngrep

Nødvendige inngrep i terreng skal utførast på ein slik måte at eksisterande og naturleg vegetasjon så langt det det seg gjere vert bevart. Alle skjeringar og fyllingar skal få ei utforming og overflate som dempar den visuelle effekten av inngrepa.

### § 2.3 Universell utforming

Prinsippa for universell utforming skal, så langt som råd, leggast til grunn innanfor reguleringsføremla ved utforming av alle trafikkanlegg, uteoppahaldsareal m.m. Ut over dette gjeld universell utforming av byggverk slik det er nedfelt i Plan- og bygningslova og byggteknisk forskrift, TEK 10 , eller seinare vedtekne forskrifter som erstattar desse.

### § 2.4 Kulturminne

Dersom det under arbeid i området kjem fram gjenstandar eller andre leivningar som viser eldre aktivitet i området, skal arbeidet stansast og kulturvernmyndene i fylkeskommunen kontaktast, jf. lov om kulturminne.

### § 2.5 Støy

For utandørs støynivå skal prinsipp og støygrenser i Miljøverndepartementet sine retningslinjer T-1442, eller seinare vedtekne retningslinjer som erstattar desse, leggast til grunn.

## § 2.6 private avtaler

Etter at denne reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er gjort gjeldende, kan det ikke gjerast privatrettslege avtalar som er i strid med føresegnehene.

## § 2.7 Byggjegrenser

Bygg skal plasserast innanfor byggegrenser som vist i planen. Dersom ikke anna er vist er det reglane i plan- og bygningsloven § 29-4 som skal gjelde.

## § 2.8 Plankrav

Ved byggesøknad for dei einskilde tomtene skal det leggast ved situasjonsplan i målestokk 1:500. Situasjonsplanen skal vise:

- Plassering av bygg med takvinkel og møneretning .
- Fasade/planteikningar som viser byggehøgde og etasjetal.
- Utforming og bruk av ubygde areal
- Tilkommst, internt vegsystem og parkeringsløysing
- Gjerde, støttemurar og skråningar

## § 2.9 Bygningar si form, plassering og materialbruk

Kommunen skal ved behandling av byggesøknader sikre at bygningane får ei god form og materialbehandling, og at det vert lagt vekt på å finne ei så god løysning som mogleg i høve til terrengtilpassing, utsikt for naboar og opparbeiding av gode uteoppholdsareal.

# **§ 3 Bygningar og anlegg**

## § 3.1 Barnehage (eksisterande) – O\_BH\_E

Føremålet er videreført frå gjeldande regulering, og arealet vert i dag nytta av Barnebo barnehage avdeling Furutun.

Området skal nyttast til føremål barnehage, og skal ha %-BYA = 15%, og mønehøgde på maksimalt 9 meter over gjennomsnittlig planert terreng rundt bygget.

## § 3.2 Barnehage (framtidig) – O\_BH\_F

Området skal nyttast til føremål barnehage med tilhøyrande leikeareal, og skal ha % -BYA = 25 %, og mønehøgde på maksimalt 9 meter over gjennomsnittlig planert terreng rundt bygget.

Føremålet skal omfatte nødvendig areal for interne køyrevegar, parkering for tilsette og foreldre, samt naudsynte tekniske anlegg knytt til kraftforsyning, telekommunikasjon, avfallshandtering, vatn og avløp

## § 4 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

### § 4.1 Veg

Føremålet omfattar eksisterande kommunal veg (Hjertvikvegen).

### § 4.2 Køyreveg – KV

Føremålet omfattar eksisterande avkøyrsle frå Hjertvikvegen og inn til barnehageområdet.

### § 4.3 Annen veggrunn – tekniske anlegg - AVT

Føremålet omfattar areal for nødvendige skjeringar/fyllingar, samt nødvendige tekniske installasjonar og liknande, som ikkje er til hindring for området sin bruk som del av trafikkområda.

### § 4.4 Gang- og sykkelveg – G/S

Gang- og sykkelvegen skal opparbeidast på nordsida av Hjertvikvegen, og skal gå mellom planavgrensinga i vest, og vidare austover, slik at den vert kobla saman med eksisterande gang- og sykkelveg langs fylkesveg 216.

Gang- og sykkelvegen skal anleggast med asfaltert breidde på 3 meter, og skal ha belysning, jf. krava i handbok N100 – veg- og gateutforming.

## § 5 Omsynssoner

### § 5.1 Frisiktsone – H\_140

Plankartet viser sikringssone for frisikt. I området mellom frisiktsona og trafikkområda skal det ikkje plantast eller plasserast noko slik at fri sikt vert hindra (maks høgde 0,5 meter over tilliggande veg). Enkeltståande tre, stolpar og liknande, som ikkje er sikthindrande, kan stå i frisiktsona. Kommunen kan krevje at sikthindrande vegetasjon og gjenstandar vert fjerna.

I krysset ved Hjertvikvegen er frisiktsona sett til L1 = 75 meter og L2 = 10 meter.

## **§ 6 Rekkefølgjekrav**

### § 6.1 Gang- og sykkelveg

Gang- og sykkelveg skal byggast ut og knytast til eksisterande gang- og sykkelveg langs fylkesveg 216 før nytt barnehagebygg kan takast i bruk.